



Kalvatre - Uskedalsbruk som får eit nytt liv. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**22-åringen Kjetil Fossheim, som no bur på Seimsfoss, har overteke bruket Kalvatre på Musland og er i full gang med å realisera omfattande utbyggjingsplanar. Men det er noko som heiter bu- og driveplikt og det minner saksbehandlar Tore Eik om i eit brev til Fossheim.**

Eik viser til eit brev av 22. august i fjor der Fossheim vart orientert om rettar og plikter i samband med overtakinga av eigedomen.

- På grunnlag av dette vil vi no gjerne ha ei tilbakemelding om kva planar De har for bruket, skriv saksbehandlaren.

Fossheim har reve det gamle våningshuset og skal bvggja eit nytt sjølv på murane etter det gamle. Han skal også satsa på eit visst dyrehald, har han opplyst tidlegare til uskedalen.no. Kjetil har sitt daglege arbeid på Søral.

Av Ola Matti Mathisen